

SIM nytt

2/2023

NOVEMBER • ÅRGANG 30



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Har du teke i bruk «Mitt SIM»?

Les meir på side 5.

Oppdatert og forbetra app

Les meir på side 6.

Hugs god sortering i jula!

Julegåvepapi, gamle batteri, restar
frå julemiddagen og liknande.

Kvar skal ein kaste avfall som oppstår etter
at julefeiringa er over?

Les meir på side 2–3.

Hugs god sortering i jula!

Julegavepapir, gamle batteri, restar frå julemiddagen og juledekorasjonar. Kvar skal ein kaste alt det som oppstår etter at julefeiringa er over?

Her er ei lita liste over kjente og kjære element i juletida, som til sjuande og sist kanskje skal kastast. For at sorteringa skal bli mest mogeleg miljøvenleg, òg i jula, gjev me deg nokre tips.

Tips: Sjekk sim.as og sortere.no, søk opp kva du vil kaste, og du vil få svar på kor dette skal kastast.

Gåvepapir

Glansa eller farga papir går i restavfall, reint papir (grovpapir) går i papiravfallet.



Batteridrevne og elektriske leiker

Brukte batteri og øydelagd elektronikk kan leverast gratis til alle butikkar som sel tilsvarande varer, eller til ein miljøsentral. Hugs å tape polane på batteria!



Plastemballasje

Tørr og rein plast som har vore emballasje kan leverast i SIM sine sekker for plastemballasje.



Juletre

SIM har innført gratis levering av hageavfall. Du som er abonnent kan dermed levere juletreet gratis på våre miljøsentralar.



Festmåltidet

Restar etter julemiddagen eller andre gode måltid kan kastast i biodunken. Hugs at det skal leverast i godkjende posar merka med «Godkjent pose til bioavfall» og SIM-logo (evt. merka med EN 13432, ASTM D6400).



Tekstilar

Alle typar heile og reine tekstilar og klede kan ein anten gje vekk til andre som ynskjer å bruke dei, eller leverast på SIM sine miljøsentralar i posar. Øydelagte tekstilar skal i restavfallet.



God mat og drikke

Flasker, glas og boksar som det har vore mat eller drikke i, skal kastast i dunken for glas- og metallemballasje.

Glas som **ikkje** er emballasje skal leverast på miljøsentrallen. Mindre mengder øydelagt glas, som t.d drikkeglas, kan kastast i restavfallsdunken. Metall som **ikkje er** emballasje, skal leverast på miljøsentrallen.



sortere ↘



Kva skal kastast kor?

Om du er usikker på kor ting skal kastast, kan du sjekke på nettsida vår **sim.as**, **sortere.no** eller laste ned appen «Sortere – hva skal hvor?» på mobilen din gjennom **App Store**® eller **Google Play**™.

Feilsortering kan medføre brann

Malingsspann, batteri, mobiltelefonar, lyspærer og farleg avfall. Lista er lang over produkt som vert kasta i restavfallsdunken eller i svarte/ugjennomsiktelege sekker på miljøsentralen.

Dette er avfall som inneheld miljøgifter, og som skal leverast som farleg avfall eller EE-avfall til eit godkjent mottak. I tillegg er dette avfall som kan sjølvantenne og som dermed utgjør ein brannfare, både i dunken ved huset ditt heime, og i våre avfallsanlegg.

Undersøkingar viser at terskelen for å kaste miljøfarleg, eller brannfarleg avfall i dunkar eller sekker er lågare,

dersom ein trur ein ikkje vert oppdaga. SIM har difor eit krav om levering i gjennomsiktige sekker på våre miljøsentralar, og kontroll av avfallet som vert kasta i dunkane. Farleg avfall og EE-avfall er gratis å levere på miljøsentralen og vert sendt til mottak som har spesialisert seg på destruksjon. I tillegg kan det vera materiale som kan nyttast om igjen, særleg i EE-avfallet.




VED LEVERING TIL MILJØSENTRAL:

Hugs påbod om gjennomsiktige sekker

KVIFOR?

- Sikre rett sortering
- Sikre rett handtering av farleg avfall og EE-avfall
- Redusere risiko for brann
- Innfri overordna miljøkrav

Gjennomsiktige sekker kan kjøpast på miljøsentralen. Takk for din innsats for miljøet!



Elektriske gaver

Har du fått nytt elektrisk produkt, men har eit gammalt som fortsatt verkar? Gje bort eller sel på nett! Sjølv om du ikkje har bruk for dette produktet lenger kan det være fleire som er interessert i å bruke produktet vidare. Din gamle

TV kan bli nokon andre sin nye TV. Er det øydelagt, skal det leverast til miljøsentralen, eller til butikkar som sel tilsvarande produkt.



Frå juni 2023 har du kunne funne innlogging til «Mitt SIM» som eige ikon i toppen av nettstaden vår sim.as. I tillegg finn du den under menyen øverst til høgre.

Har du prøvd «Mitt SIM»?

I SIM jobbar me kontinuerleg med å utvikle og forbetre tenestene våre. Dette gjeld til dømes tilbud om nye henteordningar, digitale tenester eller tenester knytt til våre miljøsentralar.

Tenesta «Mitt SIM» har vore i drift sidan før sommaren. Fleire har allereie teke tenesta i bruk og innlogging finn du på vår nettside sim.as.

Full oversikt over din renovasjon

I «Mitt SIM» kan du mellom anna få full oversikt over ditt/dine abonnement hjå oss, du kan endra abonnement, bestille nye dunkar eller melde frå om flytting.

Kvifor satsar me på ei slik side?

Fleire og fleire nyttar mobil, brett eller datamaskin for å finne informasjon, og for å utføre tenester, både frå det offentlege og det private. På «Mitt SIM» får du all informasjon om dine

renovasjonstenester samla på ein stad, og du kan lett endre eller bestille tenester sjølv.



Korleis får eg tilgang?

Gå til sim.as, og du vil finna innlogging i menyen øverst til høgre (sjå illustrasjon øverst). Me gjer merksam på at det er den som står som «eigar» av hushaldsabonnementet hjå SIM, som har tilgang til sida. Du loggar enkelt og greitt inn via ID-porten med din føretrekte innloggingsmetode.

Framleis tilgjengeleg

Sjølv om me no har lansert «Mitt SIM» ynskjer me å presisere at det framleis

er mogeleg å kontakte oss både via epost, Facebook, telefon eller fysisk oppmøte som før. Er du ein av dei som helst ynskjer å snakke med oss direkte er du sjølvsgagt velkommen til det. Kundemottaket er ope mellom 09.00 og 15.00 kvardagar, og me vil hjelpa deg på same måte som før om du ringer oss på 53 45 78 50.



Skjermdumpar frå «Mitt SIM».



Oppdatering og forbedring av «SIM- appen»

SIM sin app har no fått ei oppgradering, slik at den òg fungerer med nye versjonar av iOS og Android sine operativ system. Appen har òg endra namn til **Mitt SIM**.

For deg som brukar av appen vil det krevje:

1. Avinstallasjon/fjerning av appen du har lasta ned («SIM tømme kalender»)
2. Nedlasting av ny app.

Etter nedlasting av appen må du leggje inn din kontaktinformasjon og di adresse på ny.

Kva er nytt i appen?

- Du kan få direkte tilgang til **Mitt SIM**
- Nye felles nasjonale symbol for sortering er på plass
- Fleire små justeringar som betrar kundeopplevinga



iOS

Skann QR-koden, eller søk opp «Mitt SIM» i **App Store**®.



Android

Skann QR-koden, eller søk opp «Mitt SIM» i **Google Play**™.





Måk plass til dunken slik at våre bilar kjem lett til om vinteren, og klypp buskar og trær som strekker seg ut over vegen.

Hjelp oss fram!

Vanskelege vinterforhold med snøfall og glatte vegar kan gjera det ekstra krevjande for sjåførane våre å halda ruta og få tømt dunken din til rett tid.

For å bidra til at avfallsinnhentinga går trygt og godt føre seg også på kalde vinterdagar, gi gjerne sjåførane ei hjelpande hand ved å måka ubrøytt vegar og snuplassar. Kanskje kan du også hiva ut litt strø på glatte parti?

Faktisk pålegg renovasjonsforskriftene eigarar og bruksrettsinnehavarar av private vegar både å måka og strø – slik at bos bilen kjem fram. Men me synest no det er aller best å sjå på ein slik ekstrainsats som ei hjelpande hand

til både sjåførane våre, naboane dine, og ikkje minst deg sjølv. Om vegen ikkje er køyrbar, dra dunken fram til brøyta og køyrbar veg.

Overraska og glad vinnar

– Nei er det sant? Er du sikker? No vart eg veldig overraska og glad, utbryt Else Navjord då ho får telefon om at ho er trekt ut som vinnar av 10 000 kroner i Returkartonglotteriet.

– Eg har levert inn kartongar med namn i mange år, men hadde vel eigentleg ikkje trudd eg kom til å vinna, smiler ho. Vinnaren fortel at ho kanskje kjem til å bruke pengane på ei reise.

Vil du delta i Returkartonglotteriet?
Slik gjer du:

Skriv namn og telefonnummer på ein enkeltkartong, og du er med i trekkinga av 10.000 kroner eller 100.000 kroner i returkartonglotteriet. Kartongen kan du leggje i papirdunken saman med anna papp og papir.



SENDAR:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord

OFFENTLEG INFORMASJON**Hugs!**

Ingen tømmekalender i posten

Me minnar om at tømmekalenderen ikkje lenger vert sendt ut til alle husstandar. SIM oppmodar dei som har høve til det å nytta våre digitale løysingar, som appen eller nettsida vår. Det vil likevel vera fullt mogeleg å få papiirutgåva av tømmekalenderen for dei av våre abonnentar som ynskjer det.

MERK!

Dei som allereie har meldt frå om at dei ynskjer kalender tilsendt, treng *ikkje* gjera det igjen. Dei er registrert i vårt system og vil få kalender i posten.

Då har ein fleire alternativ:



Du kan printe ut ein versjon frå våre nettsider **sim.as**



Du kan hente tømmekalender ved ein av våre miljøsentralar



Du kan hente tømmekalender på rådhuset/kommunehuset



Du kan be SIM sende ein kalender til deg i posten. Kontakt oss på tlf. **53 45 78 50** eller e-post: **sim@sim.as**

OBS!

Frå 1. januar 2024 vert det nokre justeringar på opningstidene for miljøsentralane i Kvinnherad, Tysnes og Sveio.

Søk midlar frå SIM sitt miljøfond!

SIM sitt miljøfond skal gå til tiltak som på ulikt vis gjev betre miljø for innbyggjarane i eigarkommunane til selskapet. Miljø er summen av alle faktorar som menneska er omgjevne og påverka av. Alle kan søkja midlar frå fondet.

Årleg søknadsfrist: **30. november.**

Tildelingar

Sjå kven som har fått midlar tidlegare år på **sim.as/tildelingar**

Les meir og søk på **sim.as/miljofond**



OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaften, julaften og nyttårsaften stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00–18.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker)
kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 11.00–18.00

Tysdag og torsdag kl. 09.00–16.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker)
kl. 09.00–14.00

Perioden 1. okt.–31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00–18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag, onsdag og torsdag kl. 12.00–18.00.

Tysdag kl. 09.00–14.00

FRÅ 01.01.2024:

Måndag og onsdag kl. 11.00–18.00.

Tysdag og torsdag kl. 09.00–16.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker)
kl. 09.00–14.00

Perioden 1. okt.–31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag–torsdag kl. 09.00–18.00

Fredag kl. 09.00–15.00

Laurdag kl. 09.00–14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00–18.00

FRÅ 01.01.2024 (MERK: MÅNDAGAR STENGT):

Tysdag og torsdag kl. 10.00–18.00.

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00–18.00

Perioden 1. april–30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker)
kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

FRÅ 01.01.2024:

Perioden 1. okt.–31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as

SIM